



Volda kyrkjekontor
Postboks 17
6101 Volda

Kontoradresse
Gymnasvegen 2
3. etg Sparebanken

Telefon
70 07 40 90
kyrkjekontoret@volda.kyrkja.no

Telefaks
70 07 40 91

Bankkto.
3991.35.43266

Stat-kyrkje-høyringa hausten 2006 Uttale frå Volda Sokneråd, Møre Bispedømme

Soknerådet har hatt innstillinga frå Gjønnnes-utvalet, *NOU 2006: 2 Staten og Den norske kirke*, oppe til drøfting, sist i soknerådsmøte tysdag 3. oktober 2006, og vil få uttala følgjande:

Statskyrkjesystemet vårt har vore diskutert i 150 år, og har vore grundig utgreidd både frå kyrkjeleg og statleg side fleire gonger, men utan at det har skjedd noko avgjerande med sjølvve ordninga. Den nemnde innstillinga, som er utarbeidd etter oppdrag frå regjeringa og sendt ut på høyring, representerer såleis enno eit høve til å få i gong politiske prosessar som til sist kan endra forholdet mellom stat og kyrkje. Vi vonar det heile ikkje renn ut i sanden også denne gongen.

1. Historieforståing

Vi finn det naudsynt å gjera kort greie for den forståinga av det historiske forholdet mellom stat, folk og kyrkje vi legg til grunn:

- Historisk sett – dvs. frå reformasjonen av – hadde vi eigentleg like mykje ein kyrkjestat som ei statskyrkje. Statsapparatet tok seg nemleg av religiøse saker som ei av sine viktigaste oppgåver. Vi kan såleis like gjerne tala om eit offentleg kongestyrt religionsvesen som om ei kyrkje. Nasjon og kyrkje var to sider av same sak. Politisk og juridisk var det ikkje mogleg å vera norsk statsborgar utan samstundes å vera evangelisk-luthersk kristen. Dette var framleis ein føresetnad i 1814.
- Med dissentarlovgevinga frå 1845 av kom ein viss religionsfridom inn, medan full religionsfridom vart stadfesta først ved grunnlovsjubileet i 1964. I løpet av desse 120 åra hadde den opphavelige einskapen mellom nasjon og kyrkje gått i oppløysning, såleis at det no var eit klårt skilje mellom det å vera statsborgar og det å vera kyrkjemedlem. I staden for ein evangelisk-luthersk stat fekk ein i realiteten både det vi kan kalla ei statskyrkje og ein meir sekulær stat. Sjølvve statskyrkjesystemet inneheld såleis eit nærpå uunngåeleg paradoks, nemleg det at ei statsmakt som elles er oppfatta som sekulær, framleis sit med eit kongestyrt religionsvesen.
- Det at religionsvesenet også kunne oppfattast som ei kyrkje, skapte samstundes eit aukande behov for å utvikla ein eigen kyrkjeleg identitet. Frå andre halvparten av 1800-talet kom dette til uttrykk i eit reformstrev som til sist la grunnlaget for ei ny lovgjeving for større indre sjølvstyre. Samstundes fekk andre religions- og livssynssamfunn rettar og økonomiske støtteordningar som langt på veg tilsvare dei som gjeld for det statleg styrte religionssamfunnet. Denne utviklinga har om mogleg gjort statskyrkjesystemet enno meir motsetnadsfullt og problematisk.
- Statskyrkja har likevel framleis visse funksjonar som nasjonalt religionsvesen, først og fremst på symbolplanet, t.d. i forhold til kongehus, forsvarsmakt og i samband med nasjonale markeringar, som feiringa av grunnlovsdagen. I tråd med dette blir det også hevda at ein med statskyrkjesystemet framleis kan sikra nasjonens kristeleg-kulturelle identitet og verdiforankring.
- Spørsmålet om forholdet mellom statskyrkje og folkekyrkje er innfløkt. m.a. av di det råder usemje om kva ein kan leggja i ordet "folkekyrkje". I streng meining har ein ikkje lenger ei folkekyrkje når einskapen mellom nasjon og kyrkje er løyst opp. Og det er først og fremst i forhold til ei slik forståing at spørsmålet om tilknytninga til staten eigentleg er relevant. Den utviklinga vi har peika på her tilseier likevel at ei folkekyrkje i denne meininga er eit tapt paradisi. I den diskusjonen ein fører i dag signaliserer nok ordet heller oppfatningar av meir ideell art, t.d. at ein ønskjer seg ei kyrkje for "alt folket", med rom for det meste av både teologi og livsstilar. Om ei tilknytning til staten har noko å seia for realiseringa av dette slaget folkekyrkjeideal, er

likevel eit svært omdiskutert spørsmål. Vi finn det ikkje meiningsfullt å prøva å spørja noko om dette i denne samanhengen.

2. Synsvinklar og alternativ

Som sokneråd representerer vi først og fremst kyrkja, og skal i utgangspunktet uttala oss utfrå kyrkjelege målsetjingar og vurderingar. Men sidan stat-kyrkje-spørsmålet formelt sett først og fremst er eit politisk spørsmål, og sidan oppdragsgjevaren er ein politisk instans, må vurderingane våre også ta omsyn til politiske implikasjonar. Det tyder at vi til ein viss grad også må sjå saka frå statens side og såleis ta inn over oss religionspolitiske problemstillingar.

På bakgrunn av den oppfatninga av den historiske utviklinga av forholdet mellom stat og kyrkje vi har gjeve uttrykk for i punkta ovanfor, ser vi i grove trekk følgjande alternativ:

- Sett frå statens side: anten å halda fast på visse nasjonalkyrkjelege symbolfunksjonar og ei erklært tilknytning til eit kristeleg verdigrunnlag og ein kristen kulturarv – eller å fullføra ei prinsipiell likestilling mellom religionar og livssyn og dermed etablera seg som ein sekulær og livssynsmessig nøytral stat.
- Sett frå kyrkja si side: anten å vera knytt til, og eventuelt styrt av, statsapparatet og såleis få behalda ein formell nasjonal rolle som verdi- og kulturberande institusjon – eller å etablera seg som eit sjølvstendig og sjølvstyrt trussamfunn, juridisk sett likestilt med alle andre av dette slaget.

3. Konklusjon

I den prosessen vi har bakom oss har kyrkja altså gjort seg meir og meir sjølvstendig i forhold til den opphavelege symbiosen med nasjon og stat, samstundes som staten har utvikla seg i meir og meir sekulær lei på nær sagt alle felt. Vi ser dette som ei naturleg og uunngåeleg utvikling i eit moderne vestleg land.

Vi finn det difor litt forvirrande, når sjansen først har meldt seg for å kunna summera opp og dra nokre politiske konsekvensar av denne utviklinga, at fleirtalet i Gjønnnes-utvalet legg fram eit alternativ som til synelatande vil ha både i pose og i sekk. Med den såkalla "lovforankra folkekyrkja" vil ein nok få ei frittstående kyrkje, men ein ser likevel ut til å vilja halda fast på eit slags modifisert statskyrkjeleg forhold. På dette viset vil det truleg framleis vera rom for å kunna fylla nokre nasjonalkyrkjelege symbolfunksjonar, men utan at dette kostar noko i form av avkorta fridom som trussamfunn. Kanskje vonar ein med dette også å kunna halda oppe eit medvit om den kristne kulturarven og sansen for såkalla kristne grunnverdiar i samfunnslivet. Problemet er berre at ei slik modifisert statskyrkjeordning framleis skurrar ganske kraftig religionspolitisk. Om kyrkja med ei slik ordning vil kunna nyta større religionsfridom for eigen del, vil nemleg ei full politisk og juridisk likestilling i forhold til andre religions- og livssynssamfunn framleis mangla.

Volda sokneråd konkluderer difor med at tida snart må vera inne for å ta steget fullt ut og etablera Den norske kyrkja som eit eige frittstående trussamfunn, likestilt med alle andre slike, og utan andre band til staten enn dei som måtte vera naudsynlege av økonomiske og forvaltningsmessige grunnar.

Når det gjeld dei meir konkrete og praktiske spørsmåla som følgjer av denne konklusjonen, viser vi til spørjeskjemaet og merknadene der.

Volda 4. oktober 2006
for Volda sokneråd

Grethe Hallaråker
soknerådsleiar

Sigv
Grethe Hallaråker

Staten og Den norske kirke – Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans: VOLDA SOKNERÅD (7 stemmberetigede på møtet)

Type høringsinstans

- Kommune
- Menighetsråd/kirkelig fellestråd/bispedømmeråd
- Prost/biskop
- Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
- Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
- Annen offentlig instans
- Annen privat instans

1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar:

Religionsfrihet
og aktiv støttende religionspolitikk.

2. Den norske kirke som statskirke:

- Bør fortsette
- Bør avvikles
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- 1 Grunnloven
- 3 Egen kirkelov vedtatt av Stortinget
- 3 Lov om trossamfunn
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- Gjennom medlemsavgift
- Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
- Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift
- Offentlig finansiering uten medlemsavgift
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?

- Valgordningene bør være som i dag
- Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttsende organer

Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelle andre ordninger:

6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- Ingen tillegg
- De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene
- Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget
- Det humanistiske verdigrunnlaget
- At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelt annet:

7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?

- Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellesråd)
- Kommunen
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?

- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret
- Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- Vet ikke / ønsker ikke å svare